



**DET KONGELIGE BARNE-  
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortinget  
Familie- og kulturkomiteen  
0026 OSLO

Deres ref  
220/1263 IS/mb

Vår ref  
22/902-

Dato  
1. april 2022

**Dokument 8:135 S (2021-2022) Representantforslag fra  
stortingsrepresentantene Hege Bae Nyholt, Sofie Marhaug, Marie Sneve  
Martinussen og Seher Aydar om styrket, likeverdig, helårsåpent og  
døgnbemannet krisesentertilbud over hele landet**

Eg viser til brevet frå familie- og kulturkomiteen av 10. mars 2021, der komiteen ber om vurderinga mi av forslaga frå stortingsrepresentantane Hege Bae Nyholt, Sofie Marhaug, Marie Sneve Martinussen og Seher Aydar om styrkte, likeverdig, helårsåpent og døgnbemanna krisesentertilbud over heile landet. For å svara på forslaga har barne- og familiedepartementet innhenta innspel frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Å sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbud til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, er ei svært viktig teneste. Mitt departement er allereie i gang med å gjennomgå krisesenterlova med sikte på å gjera tydeleg kva krisesentertilbudet skal innehalde. Barne- og familiedepartementet skal utarbeide eit høyringsnotat med forslag til lovendringar og drøfting av kvalitetsutfordringar i krisesentertilbudet. Høyringsnotatet vil skildra utfordringar i tilbudet og foreslå lovendringar og andre tiltak, med mål om at valdsutsette får det individuelt tilrettelagde tilbudet dei treng.

Vidare skal regjeringa følgja opp to oppmodningsvedtak som gjeld krisesentertilbudet. I samband med handsaminga av Dok. 8:134 S (2020–2021) fatta Stortinget vedtak nr. 972 av 25. mai 2021 om eigendel for mat i krisesentera. I samband med handsaminga av Dok. 8:119 S (2020–2021) fatta Stortinget Vedtak nr. 1124, 3. juni 2021 om å sikre tverrfagleg kompetanse om rus og vald i krisesentera. I tillegg står det igjen å fullføre eit tiltak i Prop 12 S (2017-2021) Opptappingsplanen mot vald og overgrep som vart vedtatt av Stortinget

våren 2017: Greie ut endringar i krisesenterlova med sikte på å klargjere ansvaret til kommunane for å førebyggje vald og overgrep.

Kommunane fekk i 2010 ansvaret for krisesentertilbodet og finansieringa vart som følgje av det lagt til kommuneramma. Dette er i tråd med prinsippa for statleg styring av kommunane. Utgangspunktet er at kommunane er nærast til å finne det best tilpassa tilbodet for brukarane. Dette gir kommunane moglegheit til å organisere tilbodet slik dei sjølve meiner er best ut frå lokale forhold. Utfordringa er at det kan føre til forskjellar i tilbodet. Der har statsforvaltarane ei viktig rolle med å føre tilsyn for å sikre at kommunane oppfyller pliktene sine etter lova. Denne regjeringa styrkjer kommuneøkonomien. Regjeringa Solberg foreslo ein vekst i dei frie inntektene til kommunesektoren på 2 mrd. kroner i Prop. 1 S (2021-2022). Regjeringa Støre foreslo ein ytterlegare auke i veksten på 2,5 mrd. kroner i Prop. 1 S Tillegg 1 (2021-2022). Kommunesektoren har dermed fått ein samla vekst i frie inntekter på 4,5 mrd. kroner i 2022, 3,6 mrd. kroner vart fordelte til kommunane.

Rammefinansiering inneber at inntektene til kommunane frå staten, saman med skatteinntektene, i hovudsak er frie middel som kommunane sjølv kan disponera fritt innanfor rammene av lov og forskrift. Nærleiken politikarane har til behova og utfordringane i lokalsamfunnet, gjer at dei ved rammefinansiering kan bruka ressursane der dei gjer mest nytte. Rammetilskotet blir fordelt til kommunar og fylkeskommunar gjennom inntektssystemet. Rammefinansiering gjennom inntektssystemet skal sikre at alle kommunar er i stand til å tilby eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine.

Øyremerking kan ha uheldige og uventa konsekvensar, m.a. vridingar av lokale prioriteringar, større administrative kostnader og at kommunar som allereie har bygd opp tilbodet, ikkje får dra nytte av det øyremerkte tilskotet. Dersom prinsippet om rammestyling skal fråvikast, må dette vera grunnlagt i nasjonale mål.

Med helsing



Kjersti Toppe